



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	14.10.2014
Tid:	13:30 – 20:00

Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

Forfall:

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Margaret Leinebø	MEDL	H

Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Idar Tarberg	Margaret Leinebø	H

Andre: Rådmann Erlend Krumsvik Sekretær Brit Berge
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Økonomileiar Geir Egil Olsen

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt.

Det møtte 7 medlemer og 2 varamedlemer, fulltallig.

Til å skrive under møteprotokollen saman med ordføraren vart desse valde:

Karly Teige og Idar Tarberg

Fyrst i møtet orienterte Geir S. Vik, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre om mulig selskapsending.

Desse skriva vart delt ut i møte:

Notat frå rådmannen datert 13.10.2014 – Utgangspunkt for budsjettarbeidet. **U. off § 23.1.**

Rådmannen og økonomileiaren orienterte. Saka vart drøfta

Barnevernsmeldingar i perioden 01.05.14-31.08.14. **U. off § 13.** Saka vart drøfta.

Brev frå Havila Holding AS datert 13.10.2014. Sunnmørsbadet. Vedteke å invitere Havila Holding AS til formannskapsmøtet 21.10. 2014 for å orientere/verte orientert.

Notat frå utviklingsavdelinga om status Skarabakken. Svar på spørsmål innsendt av Per Kristian Furø

Ole Brubakk, Krf kom med framlegg om å heidre nobelprisvinnarane i medisin, May Britt og Edvard Moser. Saka vart drøfta.

Til slutt drøfta formannskapet, i lukka møte, ei personalsak.

.

underskrifter

Karly Teige

Arnulf Goksøyr

Idar Tarberg

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 155/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 156/14	Protokoll frå førre møte
PS 157/14	Delegerte saker
PS 158/14	Referatsaker
PS 159/14	Nytt hovudanlegg for SSR i Dragsund
PS 160/14	Reguleringsendring for deler av Trolldalen - Utlekking til offentleg ettersyn
PS 161/14	Detaljregulering for Eggesbøjorda gnr 38 bnr 2 mfl området F/K/O - Offentleg ettersyn
PS 162/14	Reguleringsendring Eggesbø 37/222 m/fl - Oppstart av privat planarbeid
PS 163/14	Forskotteringar per 30.09.2014
PS 164/14	Herøy kommune sin likvide situasjon per 30.09.2014
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 37/14	Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/ utvida skjenketid for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
DS 38/14	Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)
	Referatsaker
RS 47/14	Mulig selskapsendring - orientering frå Destinasjon Ålesund & Sunnmøre
RS 48/14	Høyring i samband med konkurransetsetting av hurtigbåtsamband i Møre og Romsdal.
RS 49/14	Møteinvitasjon i samband med høyring

PS 155/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 156/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Saksprotokoll frå førre møte låg føre.

PS 157/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 158/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 159/14 NYTT HOVDANLEGG FOR SSR I DRAGSUND

Møtebehandling:

Saka vart lagt fram utan tilråding.

Dagleg leiar Søre Sunnmøre Reinholdsverk Einar Heimdal møtte og orienterte.

Saka vart drøfta.

AP v/Per Kristian Furø kom med framlegg om slikt vedtak:

Utvidinga av industriområdet i Dragsund og planane om etablering av ein miljøstasjon bør sjåast i samheng i ein heilheitleg plan.

Formannskapet ber derfor administrasjonen om å kome tilbake med forslag til korleis det tilgjengelige området kan utnyttast mest optimalt.

Framlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

Utvidinga av industriområdet i Dragsund og planane om etablering av ein miljøstasjon bør sjåast i samanheng i ein heilheitleg plan.

Formannskapet ber derfor administrasjonen om å kome tilbake med forslag til korleis det tilgjengelige området kan utnyttast mest optimalt.

PS 160/14 REGULERINGSENDRING FOR DELER AV TROLLDALEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag for reguleringsendring Trolldalen, datert 08.9.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

PS 161/14 DETALJREGULERING FOR EGGESBØJORDA GNR 38 BNR 2 MFL OMRÅDET F/K/O - OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 1 røyst. Kjell Runde, Folkelista røysta imot.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at planforslag «Detaljregulering for Eggesbøjord gnr 38 bnr 2 m.fl – området F/K/O» sist revidert 17.09.2014, vert lagt ut til offentlig ettersyn.

PS 162/14 REGULERINGSENDRING EGGESBØ 37/222 M/FL - OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

1. Formannskapet vedtek at det kan startast opp privat planarbeid med reguleringsendring av området «Eggesbø gnr 37 bnr 222», slik det er avgrensa i søknad frå PLOT arkitekter as 30.09.2014, og som vist på skisse frå rådmann 02.10.2014.
2. Planarbeidet må ta med seg dei momenta som rådmannen peikar på i saksutgreiinga.

PS 163/14 FORSKOTTERINGAR PER 30.09.2014

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.

Ordføraren opplyste at han hadde fjerna saka som galdt forskottering Kulturhusmidlar til Fosnavåg Konserthus som skulle handsamast i formannskapet 21.10.2014. Formannskapet meiner dei allereie har vedteke slik forskottering og at det difor ikkje er nødvendig å ta den opp til ny politisk handsaming.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

Orienteringa vert teken til vitande.

PS 164/14 HERØY KOMMUNE SIN LIKVIDE SITUASJON PER 30.09.2014

Møtebehandling:

Høgre v/Arnulf Goksøyr kom med slikt framlegg om tilleggspkt. 4: Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei oversikt over kommunalt eigde bygg som ikkje krevst for å ivareta lovpålagde oppgåver. Rådmannen si tilråding med framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.10.2014

1. Den likvide situasjonen til Herøy kommune vert teken til vitande
2. Rådmannen får fullmakt til å selje seg ned i aktiv forvaltning med inntil 30,0 mill kr.
3. Fram til 31.12.2014 har ein høve til å investere inntil 40% av midlane i aksjar.

4. Formannskapet ber administrasjonen legge fram ei oversikt over kommunalt eigde bygg som ikkje krevst for å ivareta lovpålagde oppgåver.

MØTET SLUTT!

DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 37/14 Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/ utvida skjenketid for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement) 30.09.2014 00:00:00 Madelynn Coffee Strand

DS 38/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement) 26.09.2014 00:00:00 Kvalsvik Bjarne

REFERATSAKER

RS 47/14 Mulig selskapsendring - orientering frå Destinasjon Ålesund og Sunnmøre

RS 48/14 Høyring i samband med konkurranseutsetting av hurtigbåtsamband i Møre og Romsdal. Høyring i samband med konkurranseutsetting av hurtigbåtsamband i Møre og Romsdal. 10.09.2014 00:00:00 Møre og Romsdal fylke

RS 49/14 Møteinvitasjon i samband med høyring Møteinvitasjon i samband med høyring 10.09.2014 00:00:00 Møre og Romsdal fylke